UTDANNINGS FORBUNDET

Hjelmeland

Årsmøte 2022

Høiland Gard 28.april kl 18.30

Program:

-Årsmøtesaker
-Helsing frå fylkeslaget
-Mat
-Debatt

Sakliste for årsmøtet:

<u>I plenum:</u>

Sak 1. Konstituering, møte og valreglement
- a. Godkjenning av innkalling
- b. Godkjenning av sakliste
- c. Val av 2 personar til å underskriva protokollen
- d. Val av referent
- e. Møtereglement
- f. Valreglement
- g. Val av møteleiar

Sak 2. Årsmelding og rekneskap for 2021
Sak 3. Retningsliner for arbeidet i styret 2022-2023
Sak 4. Budsjett 2022
Sak 5. Val av nestleiar
Sak 6. Val av medlemmer og varamedlemmer til lokallagsstyret
Sak 7. Val av hovudtillitsvald
Sak 8. Val av valkomite
Sak 9. DEKOM – vegen vidare
Sak 10. Auka bemanning i barnehagen
Sak 11. Eventuelle resolusjonar

Saksutgreiing/ forslag til vedtak

Sak 1.Konstituering og møtereglement

a) Godkjenning av innkalling
Innkalling til årsmøtet vart send ut 08. mars. Det er innan fristen sett i vedtektene. Sakspapir vart sendt ut 14. april. som er innan fristen på 14 dagar sett i vedtektene.

<u>Forslag til vedtak:</u>
Innkallinga vert godkjend

b) Godkjenning av sakliste
Førebels sakliste vart sendt ut saman med kunngjering av tid og stad for årsmøtet den 8.mars. Saklista som styret legg fram har i tillegg til val av nestleiar, ei sak frå styret meldt innan fristen 19.februar.

<u>Forslag til vedtak:</u>
Saklista vert godkjend

c) Val av 2 personar til å underskriva protokollen

<u>Forslag til vedtak:</u>

…… og …….. vert valde.

d) Val av referent

<u>Forslag til vedtak:</u>

e) Møtereglement

Styret førslår følgjande møtereglement:

- Ingen avgrensingar i taletid.
- Møteleiar fordeler ordet i den rekkefølgje ein teiknar seg.
- Møteleiar føreslår strek. Årsmøtet godkjenner eller forkastar forslaget.
- Votering i alle sakene unnateke sak 5,6,7 og 8 skjer ved handsopprekking og krev simpelt fleirtal.

f) Valreglement

Det skal takast omsyn til følgjande valreglement

1) Kvoteringsreglar, jfr. § 15 i vedtektene
2) Styret skal ha 5 medlemer og 3 varamedlemer.Styret skal setjast saman slik at det får ein rimelig representasjon frå dei ulike medlemsgruppene. Minst eitt styremedlem skal vere leiarrepresentant.Leiar,nestleiar og varamedlemene er fritt valde.Val av leiar og/ eller nestleiar skjer først i plenum.
3) Val av øvrige styremedlemer og varamedlemer skjer i plenum.
4) Ved personval er hovudregelen skriftleg val.Det kan stemmast blankt. Åpen avstemming (akklamasjon) kan nyttast der det føreligg ein einstemmig innstilling frå valkomiteen, og det ikkje føreligg andre forslag.
5) Ved votering i personval med fleire kandidatar, vert det krevd 2/3 fleirtal for å bli vald. Ved omval mellom dei 2 kandidatane som fekk flest stemmer, blir den vald som får flest stemmer.
6) Det skal veljast 3 varamedlemer i prioritert rekkefølgje.
7) Alle val gjeld for 2 år, dvs. for perioden 1.8.2022 til 31.7.2024.

<u>Forslag til endring av valreglement :</u>

Den tillitsvalde etter kommunal hovedavtale (HTV) har fulle rettar i lokallagstyret jf vedtektene 16.5. Om det er naudsynt for å oppfylle pkt 16.5 skal det vere 6 styremedlemmer.

g) Val av møteleiar

<u>Forslag til vedtak:</u>

Til møteleiar vert vald:…….

Sak 2 Årsmelding og rekneskap for 2021

Årsmelding og rekneskap vert lagt fram av leiar.

Forslag til vedtak:
Årsmelding og rekneskap vert godkjend.

Sak 3 Retningsliner for arbeidet i styret 2022-2023

Styret la ikkje fram forslag til handlingsplan til årsmøtet i fjor. Det vart i staden lagt opp til debatt med innspel frå årsmøtet kva saker styret burde konsentrera seg om. Det kom ikkje mange innspel, men dei som kom, har vore aktuelle saker for styret i løpet av året (sjå årsmeldinga).

Styret legg opp til den same prosessen for kommande arbeidsår. Me ønskjer innspel på kva medlemene meiner bør vera viktige saker for styret. Kva saker eller saksområde skal styret leggja spesiell vekt på i det kommande skule- og barnehageåret?

Innspela vert noterte og innarbeidde i styret sin handlingsplan. I tillegg vil styret ta inn andre saksområde som vil vera aktuelle.

Forslag til vedtak:
Handlingsplanen for 2022/2023 skal byggja på dei signal og føringar som årsmøtet vedtek, saman med arbeidsområde som styret evt. føyer til.

Sak 4 Budsjett 2022

Styret har vedtatt budsjett for 2022. Årsmøtet får budsjettet til orientering, men dersom årsmøtet ønskjer å gjera endringar i budsjettet, må styret ta omsyn til det. Uansett er budsjettet kun eit rammebudsjett der styret kan føreta omdisponeringar i løpet av året.

Forslag til vedtak:

Styret sitt framlegg til budsjett for 2022 vert teke til orientering.

Sak 5 Val nestleiar

Brit H. Apeland står på val som nestleiar. Ho har sagt nei til attval. Det er høve til å komma med benkeforslag.

Forslag frå valkomiteen:

Sigrund Mosnes vert vald til nestlear for perioden 1.08.2022– 31.07.2024.

Sak 6 Val av medlemmer og varamedlemmer til lokallagsstyret

Styret skal ha ein representant frå leiarmedlemmene. Brit H. Apeland var deira representant i førre periode, og er nå på val.Det er høve til å komma med benkeforslag.

Forslag frå valkomiteen:

Siri Vestersjø vert vald til styremedlem for perioden 1.08.2022 – 31.07.2024.

Sak 7 Val av hovudtillitsvald

Årsmøtet i 2018 valde Rolf Olav Meland til hovudtillitsvald for perioden 1.8.2020 til 31.7.2022. Han har sagt nei til attval.Det er høve til å komma med benkeforslag.

Etter vedtektene 16.5 har den hovudtillitsvalgte fulle rettar i lokallagsstyret. Sjå valreglementet.

Forslag frå valkomiteen:

Silje Riskedal vart vald til hovudtillitsvald for perioden 1.08.2022 – 31.07.2024.
Silje Riskedal deltok ikkje då valkomiteen handsama innstillinga.

Sak 8 Val av valkomite

Årsmøtet 2020 valde Silje Riskedal, Sigrund Fister og Eirik Austigard som medlem i valkomiteen. Silje Riskedal er innstilt som hovudtillitsvald og Eirik Austigard er ikkje lenger medlem.

Valkomiteen skal ha tre medlemmer og tre varamedlemmer.

Det er høve til å komma med benkeforslag.

Forslag frå styret:

Hilde Pedersen Meland og Sigrund Fister art vald som medlemmer i valkomiteen for perioden 1.08.2022-31.07.2024. Styret legg fram fullstendig forslag på årsmøtet.

Sak 9 DEKOM – vegen vidare

Dekom er meint å vera skulebasert kompetanseutvikling. Det vil seie at det er den einskilde skulen sitt behov som er styrande for kva ein etterspør. Det er lærarane saman med leiar som kjem med bestillinga. Prosessen skal skje nedanfrå og opp for å vere skulebasert.

Men det blir ikkje opplevd slik. Prosessen blir opplevd som toppstyrt, eller som lærarane uttrykker det : Ting blir bestemt over hovudet. Lærarane ønsker medverknad.

Ein opplever også at sjølv om ein blir samd om bestillinga som t.d den aktive eleven, så er innhaldet noko anna enn det ein såg føre seg. I staden for elevmedverknad og aktivt læringsfelleskap, så er innhaldet digital undervisning.

Det ser ut til at ein vil gå i same sporet heile skuleåret 2022/23. Det er behov for å evaluere opplegget før nytt skuleår og justere i høve til kva den einskilde skulen kjenner som sitt behov.

Forslag til vedtak:

Årsmøtet bed om at Dekom blir evaluert på den einskilde skulen før nytt skuleår. Det må vera råd å gjera endringar om det er semje på skulen.

Sak 10 Auka bemanning i barnehagen

Det er ikkje første gong vi tek opp denne saka. Tida med korona har synt at det er heilt nødvendig å ha ein ekstra ressurs på toppen av vanlig bemanning.

De som arbeider i barnehagen kjenner det på kroppen kvar dag, og veit at det vil verka positivt inn på alle måtar. Kvaliteten vil kort og godt bli betre.

Nå er tida inne! Politikarane har bedt om ei sak om auka i bemanning i kvar barnehage på sørsida. Saka kjem opp i mai.

Dette støttar vi !

Forslag til vedtak:

Årsmøtet støttar forslaget om auka bemanning i barnehagen, og bed styret gje ein uttale i saka til kommunestyret.

Sak 11 Eventuelle resolusjonar

UTDANNINGS FORBUNDET

Hjelmeland

ÅRSMELDING 2021

Årsmøtet 2021 vart halde digitalt 22.april. Det var 18 medlemmer tilstades. Solfrid Mydland gjesta årsmøte frå Utdanningsforbundet Rogaland. Ho er kontaktperson grunnskyle og sit i Fylkesstyret.

Struktur:

Utdanningsforbundet Hjelmeland er organisert med eit styre på 5 medlemer og 3 varamedlemer.
Styret si oppgåve er å driva laget mellom årsmøta ut frå dei mål og føringar som årsmøtet set. På arbeidsplassnivå er det klubbar på alle skular og barnehagar, med unnatak av Jøsenfjord barnehage. Rolf Olav Meland har vore hovudtillitsvald for alle medlemene i lokallaget; både i skule og i barnehage.

Styret våren 2021

Verv	Namn	Merknad
Leiar	Rolf Olav Meland	Fram til 31.07.2021
Nestleiar	Brit Hauge Apeland	Fram til 31.07.2022
Styremedlem	Ruth-Iren K. Sie	Fram til 31.07.2022
Styremedlem	Aud Valebjørg	Fram til 31.07.2021
Styremedlem	Marta Dalane	Fram til 31.07.2021
1. varamedlem	Kathrine Mikalsen	Fram til 31.07.2021
2. varamedlem	Sigrund Mosnes	Fram til 31.07.2021
3. varamedlem	Siren Johanne Lorvik	Fram til 31.07.2021

Styret hausten 2021

Verv	Namn	Merknad
Leiar	Rolf Olav Meland	Fram til 31.07.2023
Nestleiar	Brit Hauge Apeland	Fram til 31.07.2022
Styremedlem	Sigrund Mosnes	Fram til 31.07.2023
Styremedlem	Aud Valebjørg	Fram til 31.07.2023
Styremedlem	Marta Dalane	Fram til 31.07.2023
1. varamedlem	Kathrine Mikalsen	Fram til 31.07.2023
2. varamedlem	Siren Johanne Lorvik	Fram til 31.07.2023
3. varamedlem	Astrid Rosså	Fram til 31.07.2023

Representasjon:

I politiske utval:

- Adminnistrasjonsutval: Rolf Olav Meland.
- Arbeidsmiljøutvalet: Rolf Olav Meland

  Personleg vara: Astrid Rosså

Hovudtillitsvald møter i utvida leiargruppe og i rektor- og styrarmøter.

I organisasjonen :

Leiar vart vald til fylkestyremedlem i Utdanningsforbundet Rogaland på fylkesårsmøtet 2019. Det er for perioden 2019 -2023.

Frikjøp:

Til organisasjonsarbeidet får Utdanningsforbundet Hjelmeland eit frikjøp på 24%. Denne ressursen har leiar hatt.
Vidare har lokallaget etter forhandlingar med arbeidsgjevar fått eit frikjøp på 30 % til hovudtillitsvald, i samsvar med den kommunale hovudavtalen.
Det blir betalt eit styrehonorar på kr 500,- pr styremøte.

Arbeid i styret - måloppnåing:

Styret har hatt 6 styremøte i 2021 og handsama 48 saker. Korona, lokale fohandlingar, medlemsarrangement og ny ungdomsskule er blant sakene ein har teke opp.

På årsmøtet i 2020 hadde me drøftingssak om retningsliner for arbeidet i 20120/21. Det var eit sterkt ønske om å invitere til medlemsarrangement når tida med korona var over. I tillegg var det eigne årsmøtesaker om læreboksituasjonen, ønske om samlingstyrarar i skulen og lokal lønspolitikk. Her fylgjer status :

Medlemmsarrangement :

I samarbeid med Strand hadde me 30.september eit medlemsarrrangement der tidlegare handballspelar Anja Hammerseng- Edin var hovudattraksjon. Det fekk gode tilbakemeldingar.

Styret inviterte til julekonsert med Kurt Nielsen i Stavanger Konserthus. Heile 40 medlemmer deltok.

Læremiddel og lærebøker :
Hovudtillitsvald har teke opp saka i fleire fora der dette har vore naturleg. Det er stadfesta på «høgaste hald» at Hjelmelandskulen både skal ha digitale og trykte læremiddel. Det er ingen motsetnad mellom dei. Læraren kan seie jatakk begge deler. Det eine utelukkar ikkje det andre. Men økonomiske rammer vil påverke i kva grad ein prioriterer mellomulike læreverk, digitale som analoge.

Samlingstyrar i skulen :

Arbeidsgjevar ønsker ikkje å oppretta samlingstyrarfunksjonar verken i praktisk-estetiske eller andre fag. Saka vart teken opp i drøftingsmøtet før lokale forhandlingar. Utdanninhsforbundet ønskte å bruke av potten til å opprette slike, men fekk nei.
Også når spørsmålet blir stilt i andre samanhengar er arbeidsgjevar negativ.

Vegen vidare : Ein nyttar pkt 5.3 i SFS 2213 om det likevel hender at læraren blir spurd av rektor om å ta ansvar for oppgåvene knytta til eit fag,samling mv. Det gir redusert undervisningstid, men ikkje pengar.

Lokal lønspolitikk :

Lønspolitisk plan seier at tilsette i Hjelmeland skal ha konkurransedyktig løn, utan at det er presisert nærare kva det vil seie. Me har fått gjennomslag for at det er å forstå som minst den løna du hadde i den jobben du forlet. Eller det lønsnivået som er for t.d. lærarar i Hjelmeland. Denne forståinga er vedteke både i AMU og Administrasjonsutvalet.

<u>Medlemer:</u>

Ved utgangen av året hadde Utdanningsforbundet Hjelmeland 115 medlemer. Det er fem færre enn i fjor.

<u>Kurs og møte:</u>

Vi har gjennomførd TV 1 skolering for nye tillitsvalde i samarbeid med Strand. Dei arbeidsplasstillitsvalde har hatt samling på Høiland Gard, og delteke på kurs i regi av fylkeslaget.

Hjelmeland er ein del av nettverk Ryfylke saman med Sauda, Suldal og Strand. Vi har hatt nettverksmøter på Teams.

<u>Økonomi:</u>

Lokallaget fekk i 2021 overført om lag kr. 120.000 frå Utdanningsforbundet. Kontingentrefusjonen er direkte knytta opp mot medlemstalet i lokallaget. Det stod kr 54.331 i banken pr 31.12.2021. Me viser elles til vedlagd rekneskap og budsjett.

Arbeidet til hovudtillitsvalde og plasstillitsvalde

Hovudtillitsvald for alle medlemene i Utdanningsforbundet Hjelmeland har vore Rolf Olav Meland. Vi har medlemmer på alle skular og i alle barnehagar i Hjelmeland. På alle skulane og i tre av barnehagane arbeidsplasstillitsvalde som også er klubbleiarar.

HTV blir invitert til dei faste møta oppvekstsjefen har med rektorane. Det same med styrarmøta. I tillegg møter HTV i prosjektgruppa for ny ungdomsskule.

SFS 2213 er reforhandla, og vi har fått ein betre og meir fleksibel avtale. Det vil bli felleskolering der rektorar og ATV vil delta.

Dei lokale forhandlingane for lærarane i skule og barnehage gav god utteljing, med noko over pro rata. Leirane i skule og barnehage fekk ikkje meir enn middels utteljing, og vi ser at vi ikkje lenger er i førarsetet. Det gjeld særleg i skulen, der Strand ligg eit hestehovud føre.

Det har vore klubbmøter både på skulane og i barnehagane. Klesgodtgjering, mangel på samlingstyrarar og vikarstuasjonen under korona.

Sluttord:

I skrivande stund er alle koronarestrikjsonar oppheva. Vi kan igjen møtast ansikt til ansikt. Det vil truleg styrke medlemsengasjementet og gjere det lettare å driva arbeidet vårt.

Vi står framleis sterkt på arbeidsplassane i skule- og barnehage, også blant leiarane. For dei fleste er Utdanningsforbundet eit naturleg val, men me merkar at me ikkje aleine. Å rekruttere nytilsette er difor viktig.

Utdanningsforbundet sentralt har sett søkelyset på at kvar sjette lærar i grunnskulen manglar lærarutdanning. Vi må arbeide for gode ordningar for våre medlemmer, både når det gjeld lønn, tilbod om vidareutdanning mv. Det vil styrke rekrutteringa lokalt.

Styret og dei tillitsvalde er avhengig av at medlemmene kjem med saker og problemstillingar.

Det har de gjort i 2021. Tusen takk!